



Selma og Alf plantar barlind saman med Terje Hus

Hagetunet midt i Uskedalen er i ferd med å bli fullført etter 2 års jobb.

Prosjektets entusiastiske far Alf Hjørnevåg har all grunn til å vera fornøgd etter ombygging og utviding av det gamle huset i det tidlegare hagesenteret og bygging av 3 nye tomannsbustader.

Med unntak av 1 er alle 18 no inflytta og det er berre godlåt å høyra både frå dei som har flytta inn og dei som har sett nærmare på prosjektet.

Alf og Sella Hjørnevåg har sjølve flytta inn der og i dag er dei gang med å ta konsekvensen av namnet - dei er med gartnar Terje Hus frå Rosendal og plantar barlind langs Geilo før vinteren set inn.

- Ein får kalla det nest siste hand på verket, seier pådrivaren og berømmar mange for at Hagetunet vart så vellukka.

At dei fekk Husbanken med på laget var til dømes ein naudsynt føresetnad. Alf rosar også sonen Johannes og Trond Myklebust for velvilje frå første stund ideen kom på bordet.

Utsjånaden er også eit vellukka grep.

Utforminga av tomannsbustadane med valma tak har gjeve ein låg profil slik at husa fell harmonisk inn i landskapet..



I august 2009 vart dette biletet teke i det som var ein ruin. Far Alf og son Johannes opplyser at dei satsar på Hagetunet. Det står att noko men det er berre småtteri samanlikna med det som er gjort. Asfaltering må skje og det må plantast meir for verkeleg å skapa eit hagetun. Prosjektaren er heller ikkje nøgd med flaggstånga. Men alt dette er bagatellar i det som har vorte eit mønsterfelt.
Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Slik er Hagetunet i dag